

---

Saksnr: 2020/75194-6  
Saksbehandlar: Matti Torgersen  
Dato: 11.08.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkeskommunedirektøren

---

## Nye anslag for ferjeavløysingsmidlar

### Bakgrunn

Vestland fylkeskommune sendte 6. november 2020 ein førespurnad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om nye anslag for prosjekt som er godkjende som ferjeavløysingsprosjekt i Vestland. Departementet har kome med svar i brev datert 4. juni 2021. Brevet følgjer vedlagt.

### Om ferjeavløysingsordninga

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir berekna på bakgrunn av reduksjon i rammetilskot når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av eit vegprosjekt. Reduksjonen blir berekna ved å sjå på nettoeffekten ved å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gje ein lågare verdi på kriteriet "normerte ferjekostnader" i båt- og ferjenøkkelen. Normerte ferjekostnader er modellbaserte utrekningar basert på kva ein kan forvente at eit ferjesamband vil koste gitt farledklasse, trafikk og strekningslengde. Vidare vil ferjeavløysingsprosjekt gje auka veglengde, og med dette gje auka verdi på kriteriet "vedlikehaldsbehov fylkesveg". Ferjeavløysingsmidlane blir altså berekna som nettoeffekten, av desse endringane.

Årleg beløp med ferjeavløysingsmidlar blir betalt ut til ein når dei nominelle byggjekostnadane og inntil 50 prosent av berekna rentekostnader, men ikkje lenger enn i maksimalt 45 år. Fylkeskommunen må følgjeleg dekkje store delar av finansieringskostnadene og eventuelle delar av prosjektkostnadene.

### Nye anslag

Tabellen nedanfor samanliknar viser nye anslag for årlege ferjeavløysingsmidlar og tidlegare anslag.

	Nye utrekningar (2021-kr)			Tidlegare anslag (2018 - kroner))		
	Normerte ferjekostnader	Vedlikehaldsbehov fylkesveg	Årleg ferjeavløysing	Normerte ferjekostnader	Vedlikehaldsbehov fylkesveg	Årleg ferjeavløysing
Huglo	3,0	2,5	1,8	5,9	2,1	4,9
Bjelkarøy	12,0	2,0	14,7	11,2	1,9	0,9
Fjelberg	16,6	1,5	21,5	12,4	1,4	2,7
Atløy	9,9	2,4	11,4	29,7	1,9	27,8

Grunnen til at årleg ferjeavløysing ikkje er differansen mellom normerte ferjekostnader og vedlikehaldsbehov for fylkesveg, er teknisk korreksjon for utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

Den store auken for Bjelkarøy og Fjelbergsambandet skuldast at det tidlegare ikkje vart gitt ferjeavløysingsmidlar til delstrekningar som ikkje vert erstatta med bru eller tunnel. Dette er no endra, slik at det vert gitt full ferjeavløysing også til slike prosjekt.

Masfjordbrua er godkjent som ferjeavløysingsprosjekt etter gamal ordning, der ferjeavløysingsmidlane skal reknast ut i frå inntektssystemet i 2017. Det er her gitt eit overslag på 18,278 mill. 2017-kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar.

Det er gitt endeleg tilsegn om midlar til Ytre Steinsund bru i Solund kommune, slik at denne er ikkje med i oppstillinga ovanfor. Ytre Steinsund bru vil utløyse 21,446 mill. 2020 - kroner.

Avdelingsdirektøren sine kommentarar

Avdelingsdirektøren konstaterer at det er til dels store endringar frå tidlegare anslag for ferjeavløysingsmidlar. Dette gjeld særleg for Atløysambandet, som har kome lengst i planlegginga. Konsekvensen for dette prosjektet er vurdert til at tilbakebetalingsperioden blir forlenga frå anslagsvis 26 til 45 år. Dette vil føre til ein vesentleg auke i finansieringskostnadene, og gjere prosjektet dyrare og meir krevjande å finansiere for fylkeskommunen.

Det er ikkje gitt ei forklaring på endringane frå tidlegare anslag. Avdelingsdirektøren har difor sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å få forklart kvifor det er så store endringar i anslag for nokre av prosjekta.

Dette er førebelse anslag, og endeleg ferjeavløysing blir først avklara etter av endeleg søknad er avklare. Søknad krev at det ligg føre godkjend reguleringsplan. Desse nye anslaga viser at det kan bli store avvik og stor usikkerheit om dei økonomiske konsekvensane av ferjeavløysingsprosjekt frå førebelse anslag ligg føre til endeleg søknad er godkjend.